

Rapport frå den 5. generalforsamlinga i Leuenberg-fellesskapet Belfast, 19. – 25. juni 2001

Under temaet "Reconciled Diversity/Versöhnte Verschiedenheit" samla det seg omlag 120 delegatar frå dei 103 medlemskyrkjene i Leuenbergfellesskapet (LF). I midtpunktet stod 3 studier som ulike grupper hadde arbeidd med sidan generalforsamlinga i Wien, 1994: "Kyrkja og Israel", "Lov og evangelium – særleg med blikk på korleis avgjersler vert tatt i etiske spørsmål" og "Kyrkje – folk – stat – nasjon". Alle desse vart handsama på generalforsamlinga og vert sendt ut til kyrkjene for respons og resepsjon.

1. Rammene

Med Belfast som stad for eit økumenisk møte, vart det tydeleg kor viktig forsoning var midt i mangfaldet. Deltakarane fekk eit godt innblikk i dei nord-irske problema gjennom "The Belfast Experience" som vart opna av eit gnistrande godt foredrag av sosiologen John Brewer. Etterpå vart det gruppevis vitjing til ulike fredsprosjekt, mellom anna Irish School of Ecumenics og Wave Trauma Centre. Det var imponerande å sjå kyrkjelydane sine tiltak på grasrotplan. Ein var nøydd for å finne nye teologiske innfallsvinklar og språk for tradisjonelle konfesjonelle definisjonar. Under generalforsamlinga kom det dessutan meldingar om uro i byen der fleire politimenn vart skadde.

2. Hovudforedraget

Seinare same kvelden tala Turid Karlsen Seim over "forsona mangfold – den protestaniske misjon/oppgåve (mission) i Europa". Temaet vart belyst frå ulike perspektiv. Ho stilte mellom anna kritiske spørsmål til konstruksjonen *protestantisme*: Er han ein identitet bygd på negasjon og fiendebilete? Ho etterlyste korleis dei protestantiske kyrkjene kunne positivt forstå si oppgåve i Europa. Eit anna moment var å drøfte uttrykket "ecumenical space", eit vanleg ord i økumeniske samanhengar i dag. Gjer dette rom (!) for å velsigne splittinga istaden for å forsone mangfaldet?

Etter å ha peikt på ei rekke konkrete utfordringar som kyrkjene står overfor, peika Seim på ei rekke konstruktive og byggjande element:

- integrasjon, der nye hybridar oppstår
- forteljing av eiga soge, der minnet til "den andre" vert akseptert
- omvending og forsoning, der løgner misser si maske
- den synlege kjærleiken, der kyrkjene "tømer seg ut" (kenosis) i teneste for andre

Ulike reaksjonar kom fram etterpå. Nokre var kritiske til mangfaldet i innfallsvinklar, medan andre var svært oppglødde over det same. I alle høve var det ei annleis tale enn det er vanleg å høyre i slike samanhengar. I "open space"-drøftingane (sjå nedanfor), vart det klårt at foredraget hadde sett igang mange tankeprosessar.

3. Rapport frå presidentane og sekretariatet

Rapporten frå *presidentane* ga eit overblikk over arbeidet dei siste 7 åra. Under avsnittet "vitnemål og teneste" vart Eksekutivkomitéen sin skepsis til ein europeisk synode repetert. Det konstruktive momentet vil i fylgje presidentskapet vere styrking av "ein evangelisk stemme" i Europa, mellom anna gjennom implementering og tilbakemelding av læresamtalane i Leuenberg-fellesskapet. Derimot vart ein fellessynode for Leuenberg-kyrkjer i Tsjekkia (grunnlagt år 2000) helst velkommen som ei fordjuping av kyrke-fellesskapet der.

Sekretariatet peika på læresamtalane si sentrale rolle for LF sitt økumeniske engasjement. I informasjonsarbeidet har internett ein sentral plass, og under adressen www.leuenberg.net vil eit "Nettverk av protestantiske kyrkjer i Europa" finna stad. Generalsekretæren la også vikt på det nære samarbeidet til KEK, sjølv om dette ikkje har nokon fast struktur. Ein vil fortsetje å fremje saker for dei europeiske institusjonane i Brüssel gjennom KEK.

Det er verdt å leggja merke til at det økumeniske arbeidet som LF driv, skjer med eit årleg budsjett på NOK 600.000,-. Av dette går ca. 30% til å drive samtalegruppene. Ein bør vurdere om Dnk kan stø arbeidet med noko meir enn dei symbolske NOK 10.000,-.

Både representantar frå LVF og frå KEK framheva det verdifulle arbeidet som ligg i handsaminga av alle teologiske studiene, og understreka at det hadde mykje å seie utanfor Leuenberg-fellesskapet, òg. Det vart dessutan understreka kor viktig det er å gå inn i ein dialog med baptistane om gjensidig anerkjenning av dåpen som mål. LF ser seg tent med å opprette gode relasjonar også til denne greina av etablerte protestantiske kyrkjessamfunn, og det på teologiske premiss.

LF ynskjer også å undersøke om det er mogleg å kome vidare med eit altar og preikestolfellesskap med dei anglikanske kyrkjene i Europa, samt Svenska og Finska kyrkan.

4. Open Space

Metoden som vart nytta, den såkalt "open space", var eit forsøk på å lage eit slags torg med mange stasjonar der ulike tema vart diskutert. Temaframlegg kom frå deltakarane og utkomet av drøftingane vart samla i korte summarier. Ein makta å aktivere mange fleire deltakrar enn vanleg. Det var høve til å drøfte fleire emner, noko dei 21 summariene bar vitnemål om. Målet for "open space" var å stake ut kurser for det framtidige arbeidet. Det mest konkrete resultatet av dette var 3 framlegg til nye læresamtalar: "Struktur og strukturering av protestantiske kyrkjer i eit Europa i endring", "Misjonsoppdraget i Europa" og det siste som vart stroke av gen.forsamlinga: "Kyrkjefellesskap som tolkingsfellesskap: Bibelsk hermeneutikk".

5. Læresamtalane

"Kyrkja og Israel" vart – med dei rettingane som kom fram på generalforsamlinga - gjort til eit offisielt Leuenberg-dokument (*zu eigen gemacht*). Studien om "kyrkje-folk-stat-nasjon" vart motteke av Leuenberg som eit innspeil i drøftinga kring desse spørsmåla. Kyrkjene vert rådde til å ta omsyn til dokumentet når ein arbeider med slike spørsmål. "Lov og evangelium – særleg med blikk på korleis avgjersler vert tatt i etiske spørsmål"

vart drøfta og endra. Denne studien vert sendt ut til kyrkjene for respons. Svara frå kyrkjene skal innarbeidast i ein endeleg versjon. Denne læresamtalen bør TN ha føre og gje tilbakemelding. Då gruppa på generalforsamlinga hadde samtalен føre, viste det seg å vere stor usemje langs konfesjonelle skiljelinjer om korleis den endelege teksten skulle sjå ut.

"Kyrkje-folk-stat-nasjon" er noko KISP kan fylgje opp – evt. ha som underlagsmateriale, mens "Kyrkje og Israel" vert sendt over til samtalegruppa mellom Dnk og det mosaiske trussamfunn, samt til Israelsmisjonen.

6. Avsluttande merknadar og utblikk

Det er verdt å merke seg kor viktig *personleg kontakt* er for framdrifta i eit slikt økumenisk arbeid. Sidan den strukturelle sida av LF er så svak, er ein heilt avhengig av den store innsatsen mange enkeltpersonar i kyrkjene gjer for dette arbeidet. I tillegg veks tilliten meir på tvers av kyrkjegrensene når ein møter eit ansikt enn når ein møter tekst. Kva LF maktar å få ut av det vesle budsjettet sitt er imponerande. Vekta ligg på teologisk studiearbeid der LF har funne si økumeniske nisje, - ei nisje som andre økumeniske organisasjonar også nyt godt av.

Generalforsamlinga bar óg preg av eit *sosial-etisk engasjement* i Europa. Ein var oppteken av kyrkjene si rolle som premissleverandør for utforminga av fellesskapet i Europa, særleg med tanke på EU si utviding mot aust. Generelt vart det drøfta korleis dei kyrkjelege stemmene kan balansere eit einsidig fokus på økonomiske interesser i utviklinga av det europeiske fellesskapet. Dessutan er det uro over at det er krefter i EU som vil skilje stat og kyrkje etter modellen Frankrike nyttar, noko som vil kunne skape problem for kyrkjene m.a. i Tyskland, Sverige og Finland. I Belfast kom det også fram eit ynskje om at politikarar skal få bidrag frå protestantiske teologar og kyrkjeleg organ som premissar til etisk vanskelege avgjersler.

Dnk har også noko å lære av kyrkjene på kontinentet – og på dei britiske øyene – om ansvar for politisk og samfunnsbyggjande verksemd. Somme vil kanskje meine at LF er fiksert på det som skjer i Brüssel og styrt av ei oppdemming mot katolsk nærvær, men samstundes er det ein kyrkjeleg vilje til å vere relevante for utforminga av det offentlege rom.

I det vidare arbeidet vil det særleg vere fokus på

- theologisk refleksjon over kyrkjelege oppgåver/strukturar i eit Europa som endrer seg, der også kyrkjene endrer seg.
- korleis kyrkjene kan styrke og utvikle sin kontakt og samarbeid om dei oppgåvene som er felles.

Gunvor Kongsvik
Olav Fykse Tveit
delegatar

Joar Haga
observatør

Til Mellomkyrkjeleg Råd
Frå Olav Fykse Tveit

Vedlegg til rapport frå den 5. generalforsamlinga i Leuenberg:

OPPSUMMERING AV PERIODEN SOM MEDLEM AV EKSEKUTIVKOMITEEN I LEUENBERG KYRKJEFELLESSKAP (1994- 2001)

1. Den norske kyrkja, dei nordiske kyrkjene og Leuenberg

Som Den norske kyrkja sin delegat til generalforsamlinga i Wien 1994 vart eg vald (etter ei hevdunnen turnusordning mellom dei nordiske lutherske kyrkjene) som nordisk representant til eksekutivkomiteen. Ingen av dei nordiske lutherske folkekirkjene hadde då skrive under Leuenberg konkordien, men alle (bortsett frå kyrkja på Island) hadde teke meir eller mindre aktivt del i arbeidet med lærespørsmål i desse samanhengane. Ved gen.fors. i Belfast no i 2001 er det både endring og kontinuitet med omsyn til dei nordiske kyrkjene sitt forhold til kyrkjesamarbeid i Europa. Den norske, og sidan den danske kyrkja har skrive under konkordien. Dette er frå desse kyrkjene si side ei markering av at dei finn at det er teologisk grunnlag for å ha alter- og prekestolfellesskap med signatarkirkjene på dei vilkåra konkordien gjev. Desse to kyrkjene har også slik markert at ein historisk og teologisk har mykje felles med kyrkjene i Leuenberg, og at ein ser det viktig å stadfeste viljen til samarbeid. Dette har ein merka seg i eksekutivkomiteen og i generalforsamlinga.

Den svenske og den finske kyrkja har signalisert at dei vil delta i læresamtale-arbeid, men ikkje signere konkordien. Hovedgunnane synest å vere dels teologiske (særleg i Finland), dels farga av økumenisk strategi. Leuenberg-konkordien ligg ikkje på den linja somme finn uttrykt i Porvoo-avtalen: Ei samling om den historiske bispesuksjonen og eit ”forsona” bispeembete som grunnleggjande for å utvikle kyrkjeleg einskap. Etter deira meining gjev Leuenbergkonkordien for lite grunnlag for kyrkjefellesskap.

Det er såleis ikkje underleg at ei av mine hovudoppgåver i denne perioden har vore å arbeide med relasjonen mellom Porvoo-avtalen og Leuenberg-konkordien. Det har eg dels gjort i drøftingar med teologisk nemnd og Bispmøtet innan kyrkja vår, dels delteke i konsultasjonar (i regi av Leuenberg 1995, LVF 2000) om kompatibilitet og samanheng mellom dei to avtalane, dels i samtalar og debattar i eksekutivkomiteen i Leuenberg. Det har vore ein periode med spenningar og veksande avklaring m.o.t. vår kyrkje si haldning og m.o.t. Leuenberg-fellesskapet si forståing av vår tilslutning til Porvoo-avtalen. Frå å vere kritisk og undrande til at vi som luthersk kyrkje kunne gå inn på Porvoo-avtalen, er det no meir forståing for at vi kan slutte oss til begge avtalane og at det kan tene kyrkjefellesskapet i Europa i vidare forstand.

Det er viktig at Den norske kyrkja held fast på to overordna perspektiv som avgjerande for dei vegval ein har gjort. For det første å leggje hovudvekta på semje om læregrunnlaget i Ord og sakrament når ein tek stilling til om det er grunnlag for kyrkjefellesskap. For det andre å søkje kyrkjefellesskap med dei kyrkjer der ein finn eit slikt felles grunnlag, så langt som råd. Slik sett var det naturleg å signere Porvoo-avtalen, Metodist-avtalen og Leuenberg-konkordien nokolunde på same tid. Om dei andre kyrkjene i Norden ikkje finn å kunne gå inn på alle

desse tre typar kyrkjefellesskap slik som vi har gjort, er det viktig å halde fast på at vi har vår teologiske grunngjeving for å gjere dette. Dessutan svarar det vi har gjort til dei teologiske og økumeniske tilrådingane som er kome i det internasjonale lutherske fellesskapet gjennom LVF. Slik kan vi best tene arbeidet for kyrkjefellesskap vidare, utan at vi med dette skal kaste oss opp til å vere ”brubyggjar”. Slike sjølvoppnemnde titlar kan verke avsporande og gje inntrykk av at vi har funne den einaste felles løysinga. Det får andre vurdere, og det kan vere andre vegar å gå enn det vi har gjort.

2. Nokre merknader om mi rolle i eksekutivkomiteen

Eg har prøvd i eksekutivkomiteen å representere og gjere sakleg greie for Den norske kyrkja sitt (og dei nordiske kyrkjene sine) standpunkt så godt som eg kunne. Samstundes har eg prøvd å gjere greie for Leuenberg-fellesskapet sine intensjonar og ynskje om å inkludere dei nordiske kyrkjene sterkare i fellesskapet, ut frå den interesse og deltaking vi har hatt og med tanke på å utvikle kyrkjefellesskap og –samarbeid i Europa.

Desse prosessane har vore krevjande. Eg har vore plassert slik at eg var nøydd til å representere fleire instansar samstundes. I utgangspunktet sat eg i eksekutivkomiteen utan å representere ei signatarkyrkje. På både sider har det vore ei utvikling i denne perioden. Mi oppfatning er at nettopp det å vere delaktig i dei opne og grundige samtalane både her og der har gjeve meg betre høve til å bidra til avklaring i desse spørsmåla i vår kyrkje og innan Leuenberg. Eg er glad for at eg heile tida har kunna formidla vidare dei signala eg har oppfatta frå drøftingar og vedtak i Teologisk Nemnd og Mellomkyrkjeleg Råd, så vel som i Bispmøtet og Kyrkjemøtet, og at eg har oppfatta det slik at eg har hatt Mellomkyrkjeleg Råd si støtte i den rolla eg vart tildelt.

Mi erfaring er at når det skjer ei utvikling i relasjonane mellom kyrkjene, er det viktig at nokon sit med fyrstehandskjennskap til det som foregår. Det kunne vore gjort meir for å auke informasjonsnivået både innan vår kyrkje og i Leuenberg-fellesskapet, og eg har vel min del av ansvaret i så måte. Mitt prinsipielle poeng i denne samanhengen er at det er viktig at fleire har direkte kontakt og er direkte involverte i prosessane på fleire sider. Opne og direkte samtalar er svært viktige i så måte, og eg har opplevd å få respekt for det eg har bore fram i Leuenberg-komiteen, også våre kritiske standpunkt. Eg har også etter kvart betre forstått kva dei andre meiner med sine ynskje og mål. Slik tolka eg dei mange spørsmål eg fekk i Belfast om å halde fram i eksekutivkomiteen i neste periode, både frå nominasjonskomiteen og fleire ”tyngre” aktørar.

3. Tankar om vegen vidare

Denne perioden frå 1994-2001 har vore prega av utvikling og avklaring av relasjonane mellom vår kyrkje og Leuenberg-fellesskapen. I tida frametter ser eg det viktig å byggje vidare på dei kontaktar og nettverk som vi har etablert, og å vere med i prosessar som har viktig teologisk og kyrkjepolitisk innhald. Det gjeld både å fange opp kva som skjer i desse kyrkjene og i fellesskapet mellom dei, og å kunne halde fram med å gje våre bidrag og synspunkt til det som skjer. Difor er det vesentleg at Den norske kyrkja fylger dette arbeidet vidare. Ikkje minst med tanke på at det er tale om nærmare og betre samarbeid med KEK, og vår rolle i høve til gen.fors. i 2003, kan det ver viktig å oppdatere og byggje ut desse kontaktane med kyrkjer i Europa. Det er ikkje tid for å byggje dei ned.

Som kjent foreslo Den norske kyrkja at den gamle turnusen mellom kyrkjene i Norden heldt fram, og foreslo at den danske kyrkja no har plassen i eksekutivkomiteen. Eg vart vald til varamann for Ane Hjerrild. Det var semje i Belfast at ein ville dra varamedlemene meir inn i arbeidet enn tidlegare, m.a. fordi mange av dei var tidlegare eksekutivmedlemer og såleis hadde mykje erfaring og mange kontaktar. Elles får vi spørsmål om å vere med i studieprosjekt og andre arrangement frametter.

Eg er innstilt på å delta i desse samanhengane vidare etter nærmere spørsmål frå MKR og Leuenberg. Mellom dei tema som er foreslått for arbeidet vidare, er det særleg kva det vil seie å vere kyrkje i Europa i den tida vi lever i – og korleis ein kan utvikle teologisk refleksjon i så måte – som fengjer mi interesse. Dette gjeld ekklesiologi i kontekstuell, praktisk og prinsipiell teologisk forstand, og eg vil gjerne bidra i slikt arbeid med det eg måtte ha av erfaring og innsikt, dersom det er ynskje om det.

Til slutt vil eg gjerne takke Mellomkyrkjeleg Råd for det unike høvet eg har fått til å delta i viktige prosessar for oss og for kyrkjesamarbeid i Europa, og for det høvet eg har fått til å lære og oppleve mykje. Takk for tillit og støtte.

Olav Fykse Tveit
270801

